




ST.OLAV HOSPITAL HF

**RESSURSSENTER OM VOLD, TRAUMATISK STRESS OG
SELMORDSFOREBYGGING – REGION MIDT-NORGE**



Utsikt fra RVTS-Midt

ÅRSRAPPORT 2009

INNLEIING

RVTS-Midt vart etablert i 2007 på oppdrag frå Sosial- og Helsedirektoratet, som eit av fem ressurscenter i landet. Senteret har ein regional funksjon og skal dekke fylka Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal.

Den fremste og direkte målgruppa er fagfolk som arbeider med flyktingar, asylsøkjarar, valds- og overgrepssutsatte, sjølvmoordsnære og etterlatte etter sjølvmoord. Dette omfattar fagpersonar og ressurspersonar på alle nivå i tenesteapparatet, innan alle etatar, undervisningsinstitusjonar og friviljuge organisasjonar.

Senteret sine indirekte målgrupper vil såleis vere dei som er direkte utsatt for vald, traumer, sjølvmoordsatferd, samt pårørande/etterlatne.

Føringar for den generelle verksemda for RVTS-Midt finn ein i tidlegare grunnlagsdokument.

RVTS skal:

- Hjelp det utøvande tenesteapparatet med undervisning, rettleiing og konsultasjon.
- Samle dei ulike fagmiljøa innan vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebyggjing.
- Initiere og utvikle nettverkssamarbeid mellom alle relevante aktørar i regionen.
- Utvikle kurs og undervisningsopplegg med utgangspunkt i praksisfeltet sine ynske og behov.
- Inngå aktuelle samarbeidsavtalar med tenesteapparatet på brei basis.

Senteret skal ha spisskompetanse på fylgjande område:

Flyktingehelse

Kjønnslemlesting og tvangsekteskap

Sjølvmoordsførebyggjing

Seksuelle overgrep

Vald/familievald

Senteret sin kompetanse retter seg mot alle aldersgrupper og ein har kompetanse både på utsatt og overgripar når det gjeld valdsproblematikk.

Kunnskap om kompleks traumatisering er eit overbyggjande perspektiv i senteret.

Målsetjinga for RVTS er skissert slik: Dei regionale ressurscentera skal bidra til kvalitativt betre og meir heilskaplege tenester gjennom kompetansebyggjing i tenesteapparatet, og utvikle gode samarbeidsmodellar på tvers av profesjonar, sektorar og forvaltningsnivå.

1. Organisering og forankring

Senteret er organisert som ein enhet under Avdeling for forskning og utvikling (AFFU) i Divisjon for psykisk helsevern ved St. Olavs Hospital HF i Trondheim.

Senteret er primært organisert i tre faggrupper: Faggruppe flyktingar, faggruppe vald og overgrep og faggruppe sjølvmoordsførebyggjing. Senteret vektlegg spisskompetanse på dei ulike fagområda, men også tett samarbeid når det gjeld prosjekt/oppdrag. Dei daglege faglege oppgåvene er koordinert av fagkoordinator i kvar faggruppe.

Senterleiar har budsjett- og personalansvaret.

Fleire av dei tilsette har deltidsstillingar i ulike verksemdar innanfor tilgrensa praksisfelt.

2. Nøkkeltal

2.1 Personell/årsverk pr. 31.08.2009

	Ansatte / personar	Årsverk
Administrasjon	3	2,2
Faggruppe sjølvmoedsføbyggjing	3	3,0
Vivat	2	0,4
Faggruppe vold og overgrep	7	3,7
Faggruppe flyktningar	8	4,9

Totalt er 22 personar tilsatt i senteret, dette utgjer 14,2 årsverk, inkludert Vivat..
Faggruppe flyktningar blir finansiert av Helse Midt-Norge med 1,2 årsverk.

2.2 Nøkkeltal økonomi

RVTS-Midt fekk i oppdragsbrevet tildelt kr.12. 006. 000

Ved utgangen av året synte resultatet at ein har eit underforbruk i forhold til tildelt ramme.
(Sjå vedlegg)

3. Arbeid med profilering av senteret

Profilering av senteret er ein kontinuerleg prosess. RVTS-Midt skal i samarbeid med dei øvrige RVTS arbeide med innhaldet på web-sidene. Det er mogeleg å finne fram til RVTS-Midt både gjennom portalen **rvts.no** og gjennom **stolav.no**
I 2009 var det 6983 søk på nettsidene.

RVTS blir presentert når medarbeidarar er ute på undervisning / kurs / seminar og konferansar.

RVTS er blitt profilert gjennom posters på konferansar.

3.1 Mediakontakter

Medarbeidarar ved senteret har gjeve intervju i samband med dagsaktuelle saker, døme på dette er intervju i samband med sikring av bru i Trondheim vinter 2009. Vidare er det gjeve intervju i samband med prosjektet Narrativ eksponeringsterapi – som er terapiform overfor traumatiserte personar, samt uttalelse om tvangsekteskap. Ein hadde også mediadekning på konferansen om kjønnslemlestelse.

3.2 Intern kompetanseheving

Ein medarbeidar har avslutta to-årig etterutdanning vedr. traumeforståing og behandling, to medarbeidarar skal frå hausten deltake på etterutdanningsforløp om det same tema.

Ein medarbeidar er inne i siste året på masterutdanning i familieterapi. Masteroppgåva omhandler ”Barns beste i familievaldsaker” – ein kvalitativ studie med intervju av dommarar. Den er ferdig ved utgangen av vårsemesteret.

Ein medarbeidar i faggruppe flyktningar har starta masterstudie i psykososialt arbeid, sjølvmoedsføbyggjing, rus, vold og traumer.

Ein medarbeidar i faggruppe vold og overgrep er under utdanning i Somatic experience.

Tre medarbeidarar deltok på den internasjonale konferansen ECOTS i Oslo.

Ein medarbeidar har tatt obligatoriske kurs i samband med psykologspesialistutdanning.

3.3 Skriftleg publikasjon

Halvorsen, J.Ø., & Kagee, A. (in press). Predictors of Psychological sequelae of Torture among South African former political prisoners. *Journal of Interpersonal Violence*. Online first August 31, 2009. ODOI 10.1177/0886260509340547

Halvorsen, J.Ø., & Sveaas, N. (2009). Psykologi og tortur. Faglige og etiske utfordringer for psykologer sett i lys av FNs torturkonvensjon. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 46(12), 1155-1162.

Gråwe, R.W., Espeland, B., Holter, M. (2009). Mestring av rus og psykiske problemer. Et gruppebasert lærings- og mestringsprogram i serie På vei til et bedre liv. Manual og arbeidsbok. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.

Kronikk i Adresseavisen: Bente Espeland, Venke Aarethun, Roald Iversen: "Selvmord – det ambivalente valget".

3.4 Foredrag

Ein medarbeidar har hatt foredrag for representantar på Internasjonal psykologikongress i Oslo, gruppe for International network of Psychologists for sosial responsibility.

Sexual abuse and caesarean section as a preferred mode of delivery. Papers presented at FIGO (Verdenskongress i fødselshjelp og gynekologi) Cape Town.

4. Kompetanseheving i tenesteapparatet

4.1 Konsultasjon og veiledning

Alle faggruppene har vore tilgjengelege for tenesteapparatet når det gjeld veiledning og konsultasjon. Det har vore faste veiledningsoppdrag overfor nettverk på overgrepsmottak, asylmottak, barnevernsinstitusjonar og prosjektgruppe i Kirkens Bymisjon.

Vedrørende konsultasjon har det vore både telefonkonsultasjonar og frammøtekonsultasjonar, både overfor enkeltpersonar og i gruppe. Ein medarbeidar er medlem i tverretatleg konsultasjonsteam i Trondheim.

Konsultasjonane har vore knytta til akutte problemstillingar, eller til problemstillingar som har vore over tid og kor det har vore vanskeleg å finne løysingar. Problemstilling og omfang har vore avgjerande for grad av oppfylgging etterpå.

Totalt antal konsultasjonar og veiledningsavtalar er 290 for alle faggruppene.

4.2 Undervisning

RVTS-Midt har hatt stor aktivitet i alle faggruppene når det gjeld undervisning til alle delar av tenesteapparatet. Det har spent frå undervisning til mindre grupper til større konferansar. Ein har vidare hatt stor aktivitet overfor høgskular og universitet.

RVTS er blitt presentert gjennom 122 undervisningsoppdrag og ein har nådd ca 4500 personar gjennom undervisning i 2009. Dette gjeld alle faggruppene.

4.3 Nettverksbygging

RVTS-Midt har i perioden arbeidd jevnt med å opprette og styrke nettverk på dei områda vi skal dekke.

I inneverande år har ein prioritert Nettverk for overgrepsmottak, Barnefagleg nettverk i faggruppe flyktningar, Tverretatleg nettverk vedr. kjønnslemlestelse og tvangsekteskap, Nettverk for krisesenter gjennom krisesenteropplæringa, Tverrfaglege regionale nettverk vedr. kjønnslemlestelse.

Ein har ikkje hatt eigen nettverkssamling for nettverket for sjølvmordsførebygging i regionen, men desse deltok på den nasjonale konferansen i mai.

4.4 Fellesarrangement med andre aktørar.

RVTS-Midt var arrangementansvarleg for den nasjonale konferanse i sjølvmordsførebygging, i nært samarbeid Nasjonalt Senter for selvmordsforskning og forebygging.

Ein har gjennomført to konferansar om kjønnslemlestelse og tvangsekteskap i samarbeid med BUFeat og Fylkesmannen. Ein var lokalisert til Møre og Romsdal, ein i Sør-Trøndelag.

RVTS-Midt har tatt del i planleggjing og utvikling av opplæringstilbodet til ansatte i krisesenter. RVTS-Øst har eit hovudansvar. RVTS-Midt har gjennomført regionale samlingar etter oppsatt plan.

RVTS-Midt har vidare tatt del i planleggjing av dialogbasert foreldrerettleggskurs i samarbeid med UDI og Senter for Krisepsykologi i Bergen.

I samarbeid med Norsk Foreining for Kognitiv Terapi har ein gjennomført todagars konferanse om PTSD og kognitiv terapi.

I samband med at Overgrepsheten på St. Olavs Hospital hadde 20-årsjubileum, var RVTS-Midt medarrangør på jubileumskonferansen.

5. Regionalt samarbeid

5.1 Regionalt web-samarbeid

RVTS'a har eit ynske om å styrke felles innsats knytta til utvikling av web-sider. RVTS-Midt har valgt å bruke St. Olavs Hospital sin design og plattform, men ein skal samarbeide med øvrige RVTS når det gjeld utvikling av innhaldet på nettsidene. Dette arbeidet kom i gang i 2009, og ein vil styrkje dette ytterlegare i 2010.

5.2 Regionale leiarmøte

Det er blitt halde regelmessige regionale leiarmøte. Møta fokuserer på felles utfordringar, identifiserer utviklingsområde, samt er eit rom for generell kollegastøtte og problemløysing. Nokre viktige tema som blir løpande diskutert er oppdragsbrev og fortolkning av desse, organisatorisk plassering og tilhøyrande utfordringar, felles innsatsområde og samarbeidsoppgåver, samt dialogmøte med oppdragsgjevar.

6. Nasjonalt / internasjonalt samarbeid

I 2009 er det avhalde to samarbeidsmøte mellom RVTS og dei nasjonale miljøa som NKVTS, NSSF og NAKMI.

RVTS-Midt har også inngått formelle samarbeidsavtalar med UDI, IMDI, R-BUP, Folkehelseinstituttet, Vivat. Ein planlegg å formalisere samarbeidet med Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin, Barnehuset og Bufetat gjennom å underskrive forpliktande avtale.

6.1 "Annual meeting"

Det var på leiarnivå for dei regionale og nasjonale kompetansemiljøa på volds-, traume- og sjølvmordsførebyggjingsfeltet beslutta å arrangere ei felles samling for alle miljøa på Gardermoen i oktober 2009. Samlinga har som målsetjing å styrke innsikten og kunnskapen om kvarandre sin kompetanse og arbeidsområde, i tillegg til at det vil vere ulike faglege fokus. Hovudtema for den fyrste samlinga er *implementering*.

I planleggjinga var ein medarbeidar frå RVTS-Midt med. Samlinga vart avhalden medio oktober 2009. Ved evalueringa i etterkant var det enighet om at samlinga var nyttig, at ein ikkje bør ha det oftare enn annankvart år, og at ein vil ha fokus på same tema også på framtidige samlingar.

Det var ca. 150 personar som deltok frå alle RVTS og frå nasjonale samarbeidsmiljø.

6.2 Forskningssamarbeid

NKVTS og RVTS-Midt har inngått avtale vedr. forskningsprosjekt. Arne Myhre ved RVTS-Midt skal vere veileidar for forskar ved NKVTS på prosjektet: "Frivillig undersøkelse av barn hvor det er bekymring for kjønnslemlestelse".

Dette arbeidet utgjer 20% stilling for RVTS-Midt.

6.3 Menneskerettighetsutvalget i Norsk Psykologforening

RVTS-Midt har to medarbeidarar frå to faggrupper som er representantar i Menneskerettighetsutvalget i Norsk Psykologforening. Gjennomgåande tema her har stor relevans for RVTS sitt arbeid, til dømes dokumentasjon av torturskader, behandling/rehabilitering av torturoverlevarar og einslege mindreårige asylsøkjjarar.

6.4 Internasjonalt samarbeid

RVTS-Midt har etablert samarbeid med organisasjonen VIVO i samband med undervisning og forskning i Narrativ eksponeringsterapi.

Ein har etablert forskningsamarbeid med professor Joyce Adams ved Chadwick-senteret, San Diego.

I samarbeid med UD og Norwac har ein hatt undervisning og veiledning overfor personell i Libanon, Gaza og Vestbredden. Tema har vore kommunikasjon, sjølvmoordsførebygging og vald i nære relasjonar.

7. Rapportering frå oppdrag i aktuelle handlingsplanar

7.1 Vendepunkt. Handlingsplan mot vold i nære relasjonar

Vendepunkt tiltak 1

De regionale ressursentrene om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS) har et særlig ansvar for å bygge opp kompetanse på området og formidle kunnskap i tjenesteapparatet.

RVTS-Midt har hatt stor etterspørsel når det gjeld undervisning og spreiding av kunnskap, sjå pkt. 4.

Det vart etablert Barnehus i Trondheim vinteren 2009. Ein medarbeidar sat i prosjektgruppa under planleggjing og etablering, denne gruppa fungerer etter opninga som referansegruppe for Barnehuset.

Ein medarbeidar er fagleg veileidar overfor tilsatte i Barnehuset. RVTS vil stille faglege ressursar til rådighet når det gjeld Barnehuset sine konferansar overfor tenesteapparatet.

RVTS-Midt er byggjer også opp kunnskap gjennom å take del i forskningsprosjekt.

Vendepunkt tiltak 18

Sinnemestringsprogrammet som er utviklet ved Regional Sikkerhetsavdeling og Kompetansesenter Brøset, skal spres. RVTS skal bidra til at modellen spres systematisk og forankres i tjenesteapparatet i de respektive regioner og at aktuelle tjenester og ansatte får opplæring.

RVTS-Midt har ikkje drive undervisning eller grupper etter denne modellen. Modellen er imidlertid godt forankra i regionen, og vi har bidratt til å informere om tilbodet.

Vendepunkt tiltak 24

NKVTS skal i samarbeid med RVTS utarbeide en mal for kommunale/interkommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjonar. RVTS-ene skal legge til rette for og bistå kommuner som ønsker å utvikle lokale handlingsplaner på dette området.

Malen for kommunale handlingsplanar vart ferdigstilt des. 2008. To medarbeidarar frå RVTS tok del i dette arbeidet.

Ein medarbeidar ved RVTS har fokusert på dette arbeidet i 2009.. Det er gjennomført informasjonsmøte ved fylgjande instansar:

- 1) Leiarforum for helse og omsorg. Fylgjande kommunar er representert: Bjugn, Osen, Rissa, Roan, Ørland og Åfjord i Sør-Trøndelag, samt Leksvik og Mosvik i Nord-Trøndelag.
- 2) Indre Namdal Regionråd som består av kommunane Grong, Høylandet, Lierne, Namskogan, Røyrvik, Snåsa og Nord-Trøndelag fylkeskommune.
- 3) Midtre Namdal Regionråd som består av kommunane Namsos, Overhalla, Namdalseid, Flatanger og Fosnes.

4) Samarbeidskomiteen for Orkdalsregionen som består av kommunane Hemne, Agdenes, Hitra, Meldal, Frøya, Orkdal, Snillfjord, Skaun, Rennebu og Rindal.

Det er etablert kontakt med Ytre Namdal Regionråd og kommunar i Møre og Romsdal. Det er gjort vidare avtalar/planar utover 2010.

På desse møta er det informert om handlingsplanar mot vald i nære relasjonar, Regjeringa si satsing på dette feltet og ein har motivert til slikt arbeid. Det er blitt tilbode hjelp og rettleiing i prosessen med skriving.

I regionråda har ein møtt både ordførarar og rådmenn – noko som er ein fordel når planarbeidet må forankrast på begge nivå.

RVTS-medarbeidaren har opplevd dette arbeidet som inspirerende. Fleire av kommunane / regionane uttrykkjer ynske om å få til ein handlingsplan. RVTS vil også framover bidra til vidare hjelp i arbeidet

Molde, Volda, Namsos, Sunndal og Trondheim har utarbeida plan.

Ålesund kommune er i ferd med å utarbeide, og RVTS bidrar etter avtale.

Fleire av RVTS sine medarbeidarar deltok i Trondheim kommune sin kampanje ”Stopp volden Snakk ut”, dette skjedde i nært samarbeid med andre aktuelle samarbeidspartar. Hovudmålet med kampanjen var å setje fokus på vald i nære relasjonar og å skape blest om nytt telefonnr. inn til Trondheim kommune, der alle valdsutsatte og pårørande kan ringe. På denne telefonen møter ein fagfolk med kunnskap om temaet og som veit kva tilbod kommunen har til valdsutsatte.

Vendepunkt tiltak 29

Overgrepsmottakene ved legevakten skal styrkes.

Det er i regionen etablert fire overgrepsmottak i tillegg til mottaket på St. Olavs Hospital som har vore i drift i mange år.

I Midt- Norge har ein etablert eit Midt-norsk nettverk for overgrepsmottaka. Dette inneber at ein har jevnlege møte kor alle mottak er representert. Desse dagane er lagt opp med fagleg påfyll og drøftingar og utveksling av erfaringar av både fagleg og organisatorisk karakter.

I nettverksmøta har mottaka stilt med 1-3 representantar kvar, og frå hausten av har ein utvida nettverksmøtet med politiet sine familievaldskoordinatorar, då desse erfaringsmessig har mykje samarbeid med overgrepsmottaka.

Det er avhalde to slike nettverksmøte i 2009, sist med Jackie Campell frå USA som forelesar.

Ein har starta med veiledning til personell i overgrepsmottaka i Trondheim, Ålesund og Molde. Frå RVTS-Midt deltek to ansatte, og etter drøfting med mottaka gjennomfører ein kombinert tema- og prosessbasert veiledning. Ein bruker fyrst tid på teoretisk emne, deretter knytter ein dette opp til praktiske case dei ansatte i mottaka arbeider med. Både sjukepleiarar og legar har tilbod om å deltake.

Vendepunkt tiltak 30

Det skal gjennomføres kompetansehevingsprogram for krisesentrene.

RVTS-Øst fekk i sitt oppdragsbrev for 2009 ansvaret for eit nasjonalt kompetansehevingsprogram for krisesentertilsatte. Dette skal skje i nært samarbeid med øvrige RVTS.

Frå RVTS-Midt har to medarbeidarar hatt ansvaret for dette. Dei har vore med i planleggjing og fagleg på nasjonal samling, og har i 2009 gjennomført regionale samlingar etter plan.

RVTS-Midt er einaste RVTS som har juridisk rådgjevar tilsatt, han har bidratt på alle regionale samlingane i landet. Det har medført at 4 dagar har gått med til undervisning i øvrige regionar.

7.2 Handlingsplan mot kjønnslemlestelse

RVTS-Midt har hatt ein medarbeidar i 40% stilling for å arbeide med temaet. Medarbeidaren er jordmor frå Ghana og med norsk helsesøsterutdanning. Det er ein stor fordel at medarbeidaren har den djupe kulturelle forståinga og erfaringa når ein skal snakke om temaet med dei ulike berørte gruppene.

Vedr. spørsmål om Nasjonal rådgjevingstelefon om kjønnslemlestelse har RVTS-Midt mottatt fire telefonhenvendelsar om konkrete saker, og det er brukt ca. 50 min til dette.

Tiltak 7

Gjennomføre tverrfaglige regionale nettverks og erfaringsutvekslingssamlinger.
--

RVTS-Midt har danna tverrfagleg regionalt nettverk for offentlege etatar og organisasjonar som kan kome i berøring med problematikken kjønnslemlestelse. Her er BUFetat, UDI, Fylkesmannen, Helse og Velferd, Rådgjevarar for skular (IMDI), Helsestasjon- og skulehelsetenesta, Flyktinghelseteam, Amatheia og Høgskulen i Sør-Trøndelag representert. Andre delar av regionen er også invitert. Det er avhalde to slike samlingar i 2009.

Tiltak 16

Kompetanseheving av helsepersonell

Oppgåvene til medarbeidaren har vore knytta opp til undervisning for relevante fagpersonar på både 1. og 2. linjetenesta, samt på asylmottak. Ho har hatt 10 undervisningsoppdrag med til saman 310 deltakarar. Det er både innanfor helsetenesta, høgskular, asylmottak og vidaregåande skular.

I tillegg er det arrangert to konferansar om temaet, ein i Sør-Trøndelag og ein i Møre og Romsdal. Dette har vore i nært samarbeid med Fylkesmannen og Bufetat. På begge konferansane begge plassar deltok til saman 110 personar.

I tillegg har det vore arrangert eit seminar om kjønnslemlestelse i Volda. Her var også gynekolog frå St. Olavs Hospital med som forelesar. Det var 50 deltakarar frå helse- og sosialtenesta samla.

Tiltak23

Videreføre og styrke arbeid mot kjønnslemlestelse i ressursgruppene i de fem helseregionene.

I samband med at RVTS har kontakt ut mot asylmottak, er det danna grupper frå berørte miljø kor temaet blir belyst. Eit døme på dette er samling med 55 deltakarar frå Somalia og Eritrea. Tema for samlinga var lovverket om kvinneleg omskjæring. Eit anna døme var 52 kvinner samla under temaet: ” Kvinnerens liv og helse i eksil”. Det blir også halde foredrag kor målgruppa er ungdomar.

7.3 Handlingsplan mot tvangsekteskap

Tiltak 22

Bidra til at helsetjenesten følger opp tvangsekteskap.

Desse oppgåvene er knytta til den generelle undervisninga faggruppa har i ulike kliniske instansar, på høgskular og på mottak. Det er vidare konsultasjonar i enkeltsaker. Det er samarbeid med imigrasjonsrådgjevarar på vidaregåande skular vedr. temaet.

Tiltak 24

Etablere årlige nettverkssamlinger.

Det er avhalde to konferansar om tvangsekteskp, ein i Sør-Trøndelag og ein i Møre og Romsdal. Det deltok 110 personar. Desse er arrangert i samarbeid med Fylkesmannen og Bufetat.

Ressursgruppa for tvangsekteskap er inkludert i ressursgruppa mot kvinneleg omskjæring, desse møtest to gonger pr. semester.

7.4 Handlingsplan mot menneskehandel

Det er etablert kontakt med prosjektleiar i Trondheim kommune som arbeider med menneskehandel og prostitusjon. Utover det har det ikkje vore aktivitet innanfor dette feltet i 2009.

7.5 Strategiplan mot fysiske og seksuelle overgrep mot barn

RVTS-Midt har ikkje hatt oppgåver ift denne planen tydeleggjort i oppdragsbrevet for 2009. Ein har imidlertid dekkja desse oppgåvene gjennom undervisning, konsultasjon, veiledning til tenesteapparatet, samt vårt engasjement ut mot Barnehuset Trondheim.

8. Rapport frå faggruppene

8.1 Faggruppe sjølvmoedsførebyggjing

Sjølvmoed og sjølvmoedsforsøk involverer mange, og lidinga er stor for dei det gjeld. Sjølvmoedsførebyggjing er ei viktig samfunnsoppgåve, det er eit arbeid med det som er viktig i livet. Meir enn å forstå kva det er som får nokon til å take sitt liv, må vi arbeide med å forstå kva det er som får folk til å leve.

I faggruppa har det vore stor aktivitet ift oppsatt plan for verksemda. Ved årsskiftet utgjorde faggruppa tre stillingar, dette representerer ein styrke. Ein medarbeidarar har permisjon frå stillinga frå september og i ca eit år framover. Ein fagperson er rekruttert inn.

8.1.1 Nasjonal konferanse om sjølvmoordsførebyggjing

Den 6. nasjonale konferansen i sjølvmoordsførebyggjing vart arrangert mai 2009 som eit samarbeidsprosjekt mellom Nasjonalt Senter for selvmordsforskning og forebygging og RVTS-Midt. Tema på konferansen var "Frå forskning til klinikk". Temaet vart belyst frå mange vinklar. Det var 225 deltakarar frå heile landet, og var eit vellykka arrangement.

8.1.2 Samarbeid med Trondheim kommune

Kommunen sin plan for det sjølvmoordsførebyggjande arbeidet vart klargjort 2007. Målet er at rutinene i desse sakene blir betre. Ein del av kommunen sin plan var å sikre Bjørndalsbrua mot hopp. Dette arbeidet vart gjort vinteren 2009. RVTS har vore aktive i media vedr. dette.

8.1.3 Samarbeid med LEVE Sør-Trøndelag

LEVE Sør Trøndelag har etablert eit breitt tilbod til etterlatte. Ein gong pr. måned er det open kafé for alle, det er 10-12 besøkjande kvar gong. Ein gong pr. måned er det open kafé for ungdom. Talet besøkjande her er lågare, og ungdomsgruppa prøver no ut alternative måtar for å nå fleire unge.

LEVE har opent brukarkontor kvar onsdag, som blir mykje brukt av mange nylig etterlatte. Saman med fagperson driv LEVE sorggruppe ved behov. Siste åra har det vore tilstrekkeleg å starte gruppe ein gong pr. år. Gruppene har hatt 3 samlingar i vårsemesteret og tre i haustsemesteret.

I tillegg til dei faste arrangementa prøver ein å arrangere andre ting. Døme på dette er å arrangere guida tur med byhistoriker gjennom del av byen. Det har også vore arrangert foredrag om "Positiv psykologi og flyt". Begge arrangementa vart godt besøkt. Det er gjeve tilbakemelding på at etterlatte treng støtten og fellesskapet som LEVE representerer. Det er også viktig for nye etterlatte å treffe familiar som er komne lenger i sorgprosessen. Det kan gjeve von om at ein kan få eit liv også etter det som er skjedd. Det hjelper såleis til at dei kan sjå framover.

Ein medarbeidar frå RVTS har vore nestleiar i LEVE i 2009.

8.1.3.1 Verdensdagen for selvmordsførebyggjing 10.09.2009

Arrangementet i Sør-Trøndelag var eit samarbeid mellom LEVE Sør-Trøndelag og RVTS-Midt. Ein valgte å setje fokus på "Sjølvmoordsførebyggjing i eit fleirkulturelt Midt-Noreg".

Ein hadde fem ulike forelesarar. Heidi Hjelmeland presenterte forskning som føreligg i forhold til sjølvmoordsførebyggjing i fleirkulturelt perspektiv. Fleire forelesarar er fagpersonar innan psykisk helsevern og knytta i forelesningane sine erfaringar frå ulike kulturbakgrunnar til den forståing og praksis som finst i behandlingsapparatet i Noreg i dag. Ein snakka om erfaringa med å stå fram som homofil i eit kristent miljø, og knytta desse erfaringane også til andre grupper som opplever utstøyting og isolasjon. Alle kulturelle innslaga representerte også ulike kulturar i Midt-Noreg. Det var ca 80 personar som deltok.

8.1.4 Sjølvmoordsførebyggjing med fokus på eldre

Eldre menneske er høgt representert på sjølvmoordsstatistikken i dei fleste vestlege land, det gjeld særleg menn over 70 år. Heime-/åleinebuande eldre menneske synes å vere ei særleg sårbar gruppe i den samanheng. På bakgrunn i dette har ein sett nytten å setje i gang tiltak som kan virke sjølvmoordsførebyggjande overfor denne aldersgruppa.

Ein medarbeidar har utarbeida undervisningsplan og veiledning overfor personell som arbeider direkte med eldre menneske. Tilsatte i heimesjukepleien, trygghetspatruljen og frivillighetsentralar er aktuelle grupper for undervisning og veiledning. Dette arbeidet har føregått siste halvår av 2009.

8.1.5. Samarbeid med andre organisasjonar

Ein har utvikla meir formelle samarbeidsformer med andre organisasjonar, dette samarbeidet er konkretisert gjennom fylgjande prosjekt:

8.1.5.1 Regional statistikk over sjølvmoord

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Folkehelseinstituttet og representantar frå alle øvrige RVTS. Gruppa utarbeider samanliknbar statistikk på nasjonalt og regionalt nivå over forekomst av sjølvmoord i fire aldersgrupper, kjønn, metode over to femårsperiodar.

Det vart presentert interessante resultat på den nasjonale konferansen, og vil bli utgjeven på norsk som ein FHI-rapport i samarbeid med RVTS'a våren 2010. Ein medarbeidar frå RVTS-Midt har hatt oppgåver knytta til dette prosjektet.

8.1.5.2 Brosjyre til etterlatte ved sjølvmoord

Dette har vore eit samarbeid mellom LEVE og representantar frå alle RVTS. Den vart gjort tilgjengeleg februar 2009. Brosjyren er tilgjengeleg på nettsidene.

8.1.6 Vivat

RVTS-Midt har to medarbeidarar i 20% stilling kvar for oppfylgjing av Vivat sitt undervisningsprogram knytta til "Fyrstehjelpskurs ved sjølvmoordsfare".

Ein medarbeidar har eit fagleg veiledaransvar for oppfylgjing av kursleiarar i heile regionen, den andre er koordinator med fokus på planleggjing og koordinering av løpande kurs i regionen.

I region Midt er det totalt 16 aktive kursleiarar med ulik yrkesbakgrunn, to kursleiarar frå Tynset er av praktiske og geografiske årsaker innlemma i kursleiargruppa i Midt-Noreg.

Det er gjennomført 12 fyrstehjelpskurs i 2009, med totalt 243 deltakarar. Totalt i 2008 vart det i regionen gjennomført 9 kurs. Aktiviteten i 2009 utgjer såleis ein gledeleg auka aktivitet.

Det er gledeleg at det i 2009 vart gjennomført kurs både i Møre og Romsdal og i Nord-Trøndelag, som tidlegare ikkje har hatt høg kursfrekvens.

I tillegg til dette vart det gjennomført eit repetisjonskurs for dei som tidlegare har gjennomgått fyrstehjelpskurs. Kurset fekk gode tilbakemeldingar.

Vidare er det ved RVTS-Midt gjennomført kursleiarsamling for kursleiarar i regionen. Det vart også gjennomført 5 dagars kursleiar kurs som var fagleg og administrativt leia av Vivat sentralt.

Vivat sitt kurstilbod er å sjå på som ein viktig kursaktivitet innanfor det sjølv-mordsførebyggjande arbeidet i regionen, og har ved fleire høve vore nevnt i lokalavisene.

8.2 Faggruppe flyktningar.

Problema som gruppa flyktningar og asylsøkjjarar har er samansatte og krev høg kompetanse. Mange av desse er traumatiserte. Traumatiseringa kan vere resultat av hendingar som er skjedd i heimlandet, så som krig, overgrep, valdtekt eller tortur. For mange kan sjølve migrasjonsprosessen vere traumatiserende, og kan auke risikoen for psykiske vanskar. Einsleg mindreårige som kjem til Noreg utgjør ei særleg sårbar gruppe.

Faggruppe flyktningar har fokus på flyktningar og asylsøkjjarar sin totale situasjon. Sjølv om eit av hovudområda er traumatisering, ynskjer ein å bidra til at dei ulike etatane ser heilheten.

Flyktningar og asylsøkjjarar har samansatte behov, og det krev høg kompetanse.

Faggruppa har fokus både på vaksne og barn. Ein meiner at barn må bli sett særskilt, dei er sjølvstendige individ med egne rettigheter, jamfør Barnekonvensjonen.

Einsleg mindreårige som kjem til Noreg utgjør ei særleg sårbar gruppe.

Faggruppe flyktningar har hatt høg aktivitet inneverande år. Bemanninga har vore stabil. Ein av medarbeidarane gjekk over i stipendiatstilling for å fullføre doktorgradsarbeidet om "Narrativ eksponeringsterapi". Ein har lykkast å tilsetje vel kvalifisert vikar.

8.2.1 Arbeid i mottak

Antal asylmottak har sidan årsskiftet vore sterkt aukande. Det er i regionen etablert fleire mottak for einsleg mindreårige.

Faggruppa har arbeidd for å take kontakt med alle mottak, og har prioritert alle nye mottak. Ein informerer om kva RVTS kan tilby av tenester, vår rolle, konsultasjon, undervisning og rådgjeving.

Ein har fulgt eit mottak spesielt, dette er eit forsterka mottak, einsleg mindreårig mottak og ordinært mottak. Dette har vore i samarbeid med BUP og vaksenpsykiatrisk poliklinikk.

Faggruppa har også bidratt med undervisning ved basiskurs for nyansatte i mottak, etter forespørsel frå UDI.

Det har også vore forespørsel om undervisning /veiledning i sjølv-mordsførebyggjande arbeid, inkludert sjølvskading, til ansatte i mottak, einsleg mindreårig mottak og forsterka mottak. Det har etter forespørsel vore gjeve konsultasjonar ift sjølvskading, sjølv-mordsatferd og sorgarbeid til ulike instansar som arbeider med einsleg mindreårige og målgruppa forøvrig. Det synes vere eit behov i regionen å heve kompetansen på denne problematikken hjå gruppa asylsøkjjarar og flyktningar.

Dette er eit samarbeid mellom faggruppe sjølv-mordsførebyggjing og faggruppe flyktningar.

8.2.2 Implementering av sekundærførebyggjande grupper for asylsøklar- og flyktningebarn

Gruppebehandlingsprosjektet for barn og unge i mottak er avslutta (Rapport "Jeg glemmer å være trist. 2006), men barnegrupper er blitt implementert i fleire kommunar i etterkant. I 2009 har det hittil vore to barnegrupper i to kommunar. Begge har dramaterapi som utgangspunkt, men begge former innhaldet etter kompetansen til dei som leiar gruppa. Tilbakemeldingar frå barn, foreldre og skule er svært positive.

Barnegruppa som blir driven på Kyrksæterøra er eit tilbod til barna på Jarlen mottak og blir driven av to gruppeleiarar, ein frå kommunen si psykiatriteneste og ein dramakyndig person med lang erfaring frå barne- og ungdomsarbeid. Gruppa er ein del av eit samarbeidsprosjekt finansiert av Hemne kommune og UDI.

Barnegruppa i Kristiansund er eit tilbod til busatte flyktningebarn som går på ein av skulane i byen. Gruppa blir driven i samarbeid mellom psykolog frå BUP og ein dramakyndig lærar i mottaksklassen på skulen.

Dramaterapeut ved RVTS er veiledar i dette arbeidet. Ein har også etablert kontakt mellom mottaka for einsleg mindreårige og BUP

8.2.3 Samarbeid med tolketenesta

Faggruppe har gjennomført seminar dagar og veiledningssamlingar for tolkar i regionen. Fokus på samlingane har vore tolking i behandling, psykososialt arbeid, tolkeetiske problemstillingar og tolken si rolle. Sentrale tema har vore grunnleggjande faktorar i arbeid med tolk og behandling av traumatiserte personar – kor tolken sine ferdigheter er avgjerande for eit godt behandlingsresultat.

Ved å samle tolkar i veiledningsgruppe, blir det gjeve mulighet for bearbeiding og refleksjon og ein kan hindre sekundærtraumatisering.

I dette arbeidet har ein også hatt kontakt med flyktningekontor og med IMDI, som har vore invitert inn i delar av dette arbeidet. Ein har også tatt opp til drøfting med IMDI regionkontoret i Midt-Norge den sårbare og lite tilfredsstillande tilgangen til tolkar i regionen generelt, og kor det er stor mangel på kvalifiserte tolkar.

8.2.4 Klinisk arbeid

Kvar enkelt fagperson i faggruppe flyktningar har ein liten del av stillinga knytta opp til klinisk verksemd. Denne er i sin heilhet finansiert av Helse Midt-Norge.

Målsetjinga med klinisk arbeid er å vedlikehalde og vidareutvikle eigen kompetanse av gruppa traumatiserte, utvikle nye verksame metodar for dette arbeidet, samt avhjelpe regionen i vanskelege saker. Ein kan bidra med delutgreiingar, vurderingar og konsultasjon til behandlarar i regionen.

Inntak av flyktningar i direkte behandling blir naturleg nok prega av geografisk nærhet for å kunne halde ein jevnleg behandlingsskontakt.

Den kliniske delen av stillingane utgjorde i 2009 320 konsultasjonar. Det er ei tilnærma lik fordeling av kvinner og menn. I litt over halvparten av samtalanane vart det brukt tolk. Det har vore flyktningar i behandling frå i alt 23 land, men irakiske flyktningar utgjorde den største gruppa. Hovuddiagnosen er Posttraumatiske reaksjonar.

8.2.5 Nytt oppdrag

I oppdragsbrevet for 2009 punkt 4.2.6 *Flyktningehelse og tvungen migrasjon* står det at eit av ressurscentera etter nærare avtale vil få i oppdrag å lage ei undervisningspakke om migrasjonshelse og risikovurdering som skal brukast i eit obligatorisk introduksjonskurs for helsepersonell tilsatt i asylmottak. Undervisningspakka skal også inkludere eit informasjonskriv om handtering av vald i mottak. Dette arbeidet skal gjerast i samarbeid med Kompetansesenteret for sikkerhets-, fengsels-, og rettspsykiatri, avd. Brøset.

Dette oppdraget vart gjeve til RVTS-Midt. Arbeidet er i gang, og ein forventer ferdigstilling innan utgangen av mars.

8.3 Faggruppe vold og seksuelle overgrep.

Vold i nære relasjonar rammer hardt og har alvorlege følger for de som opplever den. Volden innbærer minst en tredelt krenkelse. For det første er både den fysiske og den psykiske volden som utøves ofte rå og brutal. For det andre innebærer den et tillitsbrudd, fordi den utøves av et menneske som en i utgangspunktet har et nært forhold til. Og for det tredje foregår den ofte på et sted der en skal føle seg trygg- i eget hjem. Vold er et brudd på grunnleggende menneskerettigheter.

Vendepunkt side 1

Faggruppa har vore gjennom nyetableringsfase, og er no i stabil drift. Bemanninga er stabil, og det føregår allsidige oppgåver knytta til alle senteret sine kjerneoppgåver. Faggruppa er også involvert i forskningsarbeid.

8.3.1. Prosjektet Tilrettelagt dialog

Prosjektet Tilrettelagt Dialog er eit forsknings- og behandlingsprosjekt ved RVTS-Midt med det som formål å hjelpe valdtektutsatte unge kvinner med å bearbeide sine overgrepserfaringar. Prosjektet har også som formål å gjeve bistand til gjerningspersonane. Prosjektet kombinerer behandling og forskning, prosjektperioden er på tre år. Det vil vere eit av hovudtiltaka ved RVTS-Midt den komande tre-årsperioden.

Ein har i 2009 prioritert planleggjing, samt samarbeid med aktuelle samarbeidspartar som sjukehus, politi, rettsvesen, og støttesenter for kriminalitetsoffer.

Det er sendt søknad til Regional Medisinsk Etisk komité, denne må vere godkjent før prosjektet starter.

Ein er avhengig av eksterne midlar for å få prosjektet i gang. Det er sendt søknad til Justisdepartementet, og justisministeren har i møte med RVTS-Midt signalisert støtte, evt. i samarbeid med fleire departement. Det er vidare søkt forskningsmidlar frå Helse Midt-Norge og St. Olavs Hospital.

8.3.2 Fagbok om seksuelle overgripingar

Ein medarbeidar hadde permisjon i tre månader fyrste tertial for å skrive fagbok om temaet seksuelle overgripingar. Boka er i hovudsak retta mot fagpersonar og studentar innan barnevern, familievern og det psykiske hjelpeapparatet.

Boka skal vere ferdig og lanserast mars 2010.

8.3.3 Forskning

Ein medarbeidar i faggruppa, Arne Myhre, har eit samarbeidsprosjekt med det pediatrike fagmiljøet ved Chadwick-senteret i San Diego. Tittel: "Frequency of anal findings among sexuelle abused children and adolescents with and without a history of anal penetration: A retrospective chart review".

Datainnsamlinga vart starta av Arne Myhre og professor Joyce Adams i samband med tidlegare forskningspermisjon, prosjektet vart også støtta av Fulbright-stipend..

Datainnsamlinga pågår ut året, analyse og skriving er tenkt starta i januar 2010.

Vidare er Arne Myhre biveileidar for stipendiat Cecilie Hagemann på prosjektet: "Medicolegal evidence in police reported cases of sexual assaults of women – predictors of successful prosecution".

9. Budsjett og rekneskap med kommentarar

Ein rapporterer her på tildelte midlar frå Helsedirektoratet, ikkje på midlar til klinisk arbeid frå Helse Midt-Norge.

Regnskap pr. 31.12.2009	Tildelt ramme 2009	Avvik
10 925 256	12 006 000	1 080 744

Av den tildelte ramma frå Helsedirektoratet har ein i 2009 eit underforbruk på kr1 080 744. Hovudårsak til underforbruket er vakante stillingar og dermed reduserte driftsutgifter.

Nasjonal konferanse selvmordsforebygging

Tildelt	Brukt	Resultat
200 000	187 750	12 250

Av tildelt ramme til konferansen på kr. 200 000 er det eit underforbruk på kr. 12 250.

Krisesenterutdanning

Tildelt	Brukt	Resultat
50 000	10 524	39 476

RVTS-Midt fekk tildelt kr. 50.000 for arrangement av regionale samlingar vedr. krisesenteropplæring. Ein har underforbruk på kr. 39 476, og ein bed om at desse blir overført til 2010, då tiltaket ikkje er ferdig før ved utgangen av året.

Undervisningsprogram om migrasjonshelse, risikovurdering og vold

Tildelt	Brukt	Resultat
100 000	0	100 000

RVTS-Midt fekk tildelt kr. 100 000 for å utarbeide undervisningspakke om vald i asylmottak. Ein har til no brukt av eigne driftsmidlar. Ein bed om at det blir overført til 2010, då det er i avslutninga av prosjektet ein vil bruke tildelt ressurs.

10. Vedlegg

	Tildelt/rest		
	2009	Forbruk 2009	Differanse
Drift RVTS inkl			
Kjønnslemlestelse/tvangsekteskap	12 006 000,00	10 925 256,34	1 080 743,66
	-420 644,65	-195 973,32	-224 671,33
RVTS Kjønnslemlestelse/Tvangsekteskap	420 644,65	195 973,32	224 671,33
Klinisk million	1 166 144,00	1 166 144,00	0,00
Undervisningsprogram om migrasjonshelse, risikovurdering og vold.	100 000,00	0,00	100 000,00
Krisesenteropplæring	50 000,00	10 523,61	39 476,39
VIVAT-veileder	192 067,94	192 067,94	0,00
Nasjonal konferanse om selvmordsforebygging	183 750,00	170 750,21	12 999,79
Jubileumskonferanse overgrepsheten	20 000,00	21 674,50	-1 674,50
	<u>13 717 961,94</u>	<u>12 486 416,60</u>	1 231 545,34
Driftskostnader RVTS inkl prosjekter		10 589 325,29	
Finanskostnader		1 084,40	
Interne driftskostnader RVTS inkl prosjekter		<u>1 896 006,91</u>	
Sum kostnader regnskapsført		<u>12 486 416,60</u>	
	-12 482		
Driftsinntekter RVTS inkl prosjekter	366,60		
Interne driftsinntekter RVTS inkl prosjekter	<u>-4 050,00</u>		
	-12 486		
Sum inntekter regnskapsført	<u>416,60</u>		
Regnskapsmessig resultat			<u>0,00</u>

11. Vedlegg

Detaljregneskap 2009

	Denne Periode	Denne Periode	Denne Periode	Hittil	Hittil
	Faktisk	Budsjett	Avvik Budsjett	Faktisk	Budsjett
(3507) Andre tilskudd/refusjoner internt i foretaket	-27		27	-196	
(3509) Div andre tilskudd/refusjoner	-1278	-1012	266	-11070	-11298
(3993) Kursavgift	-16		16	-31	
(3999) Div annen inntekt				-19	
(4101) Mat- og drikkevarer	3	3	0	33	39
(4121) Frakt, toll og spedisjon				3	
(4181) Engangsartikler				0	
(4182) Rengjøringsmidler				0	
(4183) Kjøkkenutstyr				1	
(4189) Andre forbruksvarer		2	2	0	30
(5001) Lønn faste stillinger	544	551	7	5696	5935
(5041) Faste lø/sø/kveld/natttillegg				0	
(5049) Andre faste tillegg	7	2	-5	63	18
(5091) Påløpte feriepenger	69	66	-2	720	714
(5097) Avsetning for permisjon for leger	4		-4	36	
(5161) Honorarer, oppg.pl og avgiftspliktig	6	2	-4	84	20
(5282) Gruppeliv, fordel	1	1	0	9	11
(5392) Annen oppgavepliktig godtgjørelse		5	5	25	61
(5401) Arbeidsgiveravgift	79	78	-1	826	844
(5402) Arb avgift av påløpne feriepenger	10	9	0	102	101
(5411) Pensjonskostnad KLP /SP	72	73	1	826	867
(5414) Arbeidsgiveravgift av pensjonskostnad	10	10	0	116	122
(5511) Honorarer til næringsdrivende, oppg.pl				3	
(5601) Kurs, seminarer, kongresser og lignende	210	25	-185	643	297
(5611) Stillingsannonser		1	1	21	10
(5621) Kurs- og undervisningsmaterieil				1	
(5801) Refusjon av sykepenger/fødselspenger				-34	
(5811) Refusjon av feriepenger av sykepenger/fødselspenger				-4	
(5821) Refusjon av arbeidsgiveravgift	-3		3	-31	
(5822) Reduksjon avg.pl lønn - ref sykelønn (K)	-20		20	-219	
(5823) Ikke avg.pl lønn - refusjon sykelønn - (D)	20		-20	219	
(5901) Gaver til ansatte, ikke fradr.b.		0	0	9	3
(5931) Velferdstiltak for ansatte		1	1		10
(5991) Annen personalkostnad	0		0	0	
(6421) Leie transportmidler				2	
(6451) Leie kontorutstyr		5	5	34	60
(6491) Leie annet utstyr	-4	1	5	5	10
(6501) Medisinsk teknisk utstyr				29	
(6512) Datamaskiner	2	2	0	8	25

(6513) Printere og annet periferutstyr				1	
(6531) Inventar	6	2	-4	82	20
(6541) Teknisk og elektrisk utstyr				3	
(6561) Rekvisita	1		-1	19	
(6591) Annet mindre utstyr og driftsmateriale				5	
(6643) Vedlikehold IKT-kommunikasjon	32		-32	46	
(6723) Kjøp av IT-tjenester	38		-38	84	
(6799) Andre eksterne tjenester	29	33	4	291	400
(6801) Kontorrekvisita	2	2	1	18	25
(6821) Trykksaker	1	1	0	12	10
(6841) Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.		2	2	8	30
(6842) Faglitteratur	1		-1	15	
(6861) Møtekostnader				12	
(6891) Annen kontorkostnad				3	
(6901) Telefon		1	1	4	10
(6902) Mobiltelefon		3	3		40
(6903) Datakommunikasjon				8	
(6911) Porto	1		-1	1	
(7001) Drivstoff transportmidler	1	1	-1	9	7
(7021) Vedlikehold transportmidler		1	1	15	10
(7041) Forsikring transportmidler	2		-2	2	
(7091) Annen kostnad transportmidler		1	1	4	13
(7101) Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	2	2	0	14	20
(7131) Reise- og oppholdsutgifter ulegitimerte				1	
(7133) Komp tillegg utland tr/avg.pl	2		-2	4	
(7141) Reise- og oppholdsutgifter etter regning	27	60	33	507	721
(7151) Diettkostnad, oppgavepliktig	11	9	-2	79	103
(7152) Trekkpliktig diett reise	2		-2	4	
(7301) Annonser				2	
(7402) Kontingent, ikke oppg.pliktig				0	
(7411) Gaver	1	0	-1	8	5
(7799) Annen kostnad	98	0	-98	98	1
(9009) Annet internt salg				-4	
(9101) Internt kjøp av varer fra kjøkkenet	9	0	-8	22	5
(9107) Kjøp fra Almenteknikk	1	1	1	9	15
(9108) Kjøp fra Logistikk og forsyning	0	0	0	0	1
(9109) Annet internt kjøp				15	
(9110) Interne husleiekostnader	133	133	0	1594	1594
(9111) Kjøp av renholdstjenester	19	19	0	229	233
(9115) Kjøp av IT-tjenester	1	2	1	27	23
RES - Resultat	0	-6	-6	0	0